

Til adresseliste

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: **24 APR 2009**

Vår ref.: NVE 200706204-5 ki/mbi

Arkiv: 312 /039.2

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Marianne Bismo

22 95 98 58

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Haugaland Kraft AS – Søknad om løyve til bygging av Bordalsbekken kraftverk i Tysvær kommune, Rogaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Haugaland Kraft AS, datert 31.03.2009, om løyve til bygging av Bordalsbekken kraftverk i Tysvær kommune.

Bordalsbekken har utløp i Hervikfjorden. Bordalsbekken kraftverk vil nytte eit fall på 220 m i Bordalsbekken med inntak på kote 220 og med kraftstasjon vest for utlaupet av Bordalsbekken, ved kote 0. I tillegg planleggast ei overføring av vatn frå Sandviksbekken ved kote 290 til Bordalsbekken. Røyrgate på 2500 m er planlagt nedgrave i lausmassar. For tilkomst til inntaket vil eksisterande veg oppgraderast og forlengast med 50 m. For tilkomst til kraftstasjonen vil eksisterande veg nyttast. I perioden 1. mai til 30. september er det planlagt å sleppe minstevassføring på 40 l/s i Bordalsbekken og 30 l/s i Sandviksbekken. Resten av året er det planlagt å sleppe minstevassføring på 30 l/s i Bordalsbekken og 30 l/s i Sandviksbekken. Kraftverket vil ha installert effekt på 1,8 MW og ein produksjon på 5,9 GWh i eit gjennomsnittleg år.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Bordalsbekken kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova (vrl.) og gjeld løyve etter vrl. § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Bjørn Sæle på tlf. 98 23 72 41 eller e-post: bjorn.saele@haugaland-kraft.no.


NVE ber Tysvær kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på servicetorget til Tysvær kommune fram til **15.06.2009**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.


NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **15.06.2009**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Marianne Bismo
avdelingsingeniør

Vedlegg: Søknad til kommunen
Kunngjeringstekst
Informasjonsark
Adresseliste